



Notat

Dato: 18.04.2017
Arkivsak: 2017/3476-1
Saksbehandlar: ingsven

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet v/ Hogne Haktorson

Frå: Fylkesrådmannen

Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune pr. april 2017

Fylkesrådmannen skal framlegge halvårlege statusrapportar om rettstvistar for kontrollutvalet.
I det følgjande blir det redegjort for status pr april 2017:

Rettstvistar drosjeforvaltning

– Sak om inndraging av drosjeløyve; Hordaland fylkeskommune meiner at løyveinnehavar har brote den personlege driveplikta som følgjer av yrkestransportloven med aktuelle forskrifter. Vedtaket vart stadfesta av den fylkeskommunale klagenemnda i oktober 2016. Hovudforhandling i Bergen tingrett er fastsett til medio oktober 2017.

Rettstvistar eigedom

– Valdgiftssak mot JH Nævdal Bygg AS; saka dreier seg om eit krav om dagmulkter frå byggherrane Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune på totalt ca. 16,3 mill. kr knytt til sluttoppgjer av kontrakt i samband med innreiingsarbeid Amalie Skram vgs/AdO Arena.

Valdgiftsdom februar 2017; byggherrane dømt til å utbetale det beløpet som var halden tilbake som dagmulkter samt saksomkostningar.

– Sak mot KHR arkitekter AS; krav om erstatning etter misleghald av avtale om prosjekteringsoppdrag for bygging av Amalie Skram videregående skole og AdO Arena.

Felles krav frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune på totalt kr. 51.380.000.- med tillegg for forseinkingsrenter. Motkrav frå KHR på ca. 25 mill. kr.

Bergen tingrett dømte i august 2016 KHR til å betale Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune totalt 32,7 mill. kr med tillegg av forseinkingsrenter. Partane har etter dette inngått forlik som gjeld delar av dommen (taklekkasjar og sprinklaranlegg), og KHR har betalt 5,8 mill. kr. Punkta i dommen som gjeld forsering av harde massar og forseinking av teikningsleveranse (ca. 22 mill. kr), er anka til lagmannsretten av KHR.

I tillegg har KHR gjort gjeldande at utarbeiding av detaljprosjektering i form av arbeidsteikningar (armeringsteikningar mv) ikkje inngår i ytingane frå den prosjekterande. KHR krev eit tilleggsvederlag på ca. 20 mill. kr for dette arbeidet. Kravet er avvist av byggherrane. Tingretten var heller ikkje i tvil om resultatet på dette punktet.

Samla tvistegenstand slik saka står for lagmannsretten utgjer difor ca. 45 mill. kr + renter og saksomkostningar for både instansar.

Det er kalla inn til rettsmekling 15.-16. mai 2017. Dersom mekling ikkje fører fram, vil ankesaka gå for Gulatings lagmannsrett januar/februar 2018.

– Angeravtalen; Bergen kommune sitt søksmål mot Hordaland fylkeskommune

Som kontrollutvalet tidlegare er orientert om, har Bergen kommune i stemninga fremja krav om

1. Vederlagsfri tilbakeføring av eigedomsretten og overskjøting av skule-eigedommane Margaretastredet 2 (gnr. 165 bnr. 461 i Bergen), Haugeveien 28 (gnr. 165 bnr. 441 i Bergen) og Kalfarvei 2 (gnr. 165 bnr. 1115 i Bergen).
2. Krav om dom for at kommunen er eigar av 2/5 av følgjande eigedommar som tidlegare var eigd av stiftinga Vestlandsheimen:
gnr. 199 bnr. 128, gnr. 199 bnr. 208 og gnr. 170 bnr. 17 i Bergen kommune.
3. Krav om erstatning med kr. 39.196.150,- samt forseinkingsrenter frå 31.07.2015.
Kravet gjeld del av salssummen for selde eigedommar knytt til Vestlandsheimen.

Det er ikkje gjort nokon verdiberekning av eigedommane i punkt 1 og 2. Hordaland fylkeskommune har bestridt alle framsette krav og fremja krav om saksomkostningar.

Det var fastsett hovudforhandling for saka i Bergen tingrett i oktober 2016. I forkant av dette vart partane samde om å sende eit felles prosesskriv til tingretten, med krav om at saka vart stansa. Det har sidan vore dialog mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune med sikte på å kome fram til ei minneleg løysing.

Rettstvistar Bybanen Utbygging

– Valdgiftssak mot Skanska Norge AS; tvisten gjeld oppføring av vognhall på Kokstad (C34). Partane er usamde om sluttoppgjernet etter kontrakten.

Skanska gjennomførte kontrakten m.a. ved bruk av dansk underentreprenør for dei sentrale stålleveransane. Den danske underleverandøren har fremja søksmål med krav mot Skanska som Skanska har vidareført mot byggherren. Kravet utgjer ca. 3,9 mill. danske kroner (ca. 4,3 MNOK).

Kravet er grunngjeve i påstårte manglar og forseinkingar ved grunnlaget for prosjekteringen utarbeidd av byggherren sin prosjekteringsrådgivar (Mott McDonald). Det vert hevdat at dette har ført til meirkostnadar som krevjast kompensert. Byggherren avviser kravet.

Valdgiftsretten er etablert. Hordaland fylkeskommune har frist til 21. april 2017 for å levere tilsvare. I tilsvaret vil det bli lagt ned påstand om frifinning og dekning av saksomkostningar. Hovudforhandling er fastsett til oktober 2017.

– Valdgiftssak mot Skanska Norge AS; tvisten gjeld oppføring av verkstad og administrasjonsbygg på Kokstad (C31). Partane er usamde om sluttoppgjeret etter kontrakten.

Skanska gjennomførte også C31 kontrakten ved bruk av den same danske underentreprenøren for sentrale stålleveransar som for kontrakt C34. Den danske underleverandøren har fremja søksmål mot Skanska også for C31 som Skanska vil vidareføre mot byggherren. For C31 gjeld dette såkalla stålkavet ca. 19 mill. kr. Grunnlaget for kavet er det same som for C34. Byggherren avviser kavet med same grunngjeving.

I tillegg er det ei rekke andre punkt der partane ikkje er samde om sluttoppgjeret. Samla tvistebeløp er pt i underkant av 130 mill. kr.

Det er drøftingar om etablering av valdgiftsdomstol og val av dommarar. Stemning er venta før sommarferien. Saka vil sannsynlegvis kunne handsamast av ein valdgiftsrett i 2. kvartal 2018.

Rettstvistar HR

– Personalsak; overtalig tilsett vart sagt opp 2012. Hordaland fylkeskommune vart saksøkt med påstand om usakleg oppseiing. Fylkeskommunen fekk medhald i tingretten og i lagmannsretten. Saka vart anka vidare til Högsterett, men avsist av ankeutvalet i januar 2017. Hordaland fylkeskommune vart tilkjend fulle saksomkostningar på rundt 900.000 kr.

– Personalsak; rettsforlik inngått januar 2015. Motpart har i ettertid saksøkt fylkeskommunen med krav om oppheving av rettsforlik. Dette vart endeleg avgjort av ankeutvalet til Högsterett i april 2017, som forkasta kavet.

Vidare vart Hordaland fylkeskommune i mars 2017 frikjent i Bergen tingrett i søksmål om ulovleg gjengjelding mot varslar. Tingretten avgjorde saka gjennom forenkla behandling, dvs at tingretten ikkje fant grunn til å gjennomføre hovudforhandling i saka. Dommen er ikkje rettskraftig.

Hordaland fylkeskommune har dermed fått medhald i alle instansar og er tilkjent sakskostnadar på nærmare 200.000 kr.

Motpart er pålagt av Datatilsynet å fjerne krenkjande omtale av Hordaland fylkeskommune og tilsette og tillitspersonar i fylkeskommunen frå nettsida si. Dette pålegget er klaga inn for Personvernemnda. Motpart har vidare bedt Datatilsynet påleggje fylkeskommunen å leggje fram opplysningar knytt til handsaminga av pensjonsspørsmålet i samband med avslutning av arbeidstilhøvet. Fylkeskommunen har motteke varsel frå Datatilsynet om mogleg vedtak om innsyn i og utlevering av informasjon knytt til dialog med Statens pensjonskasse.

Motpart har også sendt varsel om førebuing av sak knytt til yrkesskade (asbest). Dette er eksplisitt holdt utanfor rettsforliket av januar 2015, sidan vedkomande allereie hadde satt i gang ein prosess med NAV for å få godkjent asbestpåverknad/-konsekvensar som yrkesskade.

– Sak Likestilings- og diskrimineringsombodet: Hordaland fylkeskommune er klaga inn av ein søker på stilling ved Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland. Søkjaren meiner seg utsett for diskriminering knytt til etnisitet. Fylkeskommunen har vist til at tilsettingssaka vart avslutta før tilsetting fordi ein annan søker hadde førerett. Saka er ikkje avslutta hos diskrimineringsombodet.